



Snart blir det fem leilegheiter oppå butikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggpartner (Frode Bu) i samarbeid med Uskedal Trelastlager har fått anbodet på innreiing av dei fem leilegheitene oppå SPAR-butikken, opplyser dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no.

Ho er svært tilfreds med at lokale firma gjekk sigrande ut av anbodsrunderen. Enno er det ikkje fastsett nokon startdato for prosjektet, men arbeidet vil ta til om kort tid og skal vera fullført seint på våren eller på forsommaren. Det er firma Prosjektkonsult som har prosjekteringsarbeidet. Planane skal bearbeidast noko før startskotet går, det skal gjerast visse endringar med inngongspartiet.

Målet er framleis at desse bustadene skal leigast ut, men sal kan bli aktuelt hvis utleige ikkje slår an. Prosjektet ligg eigentleg eitt år etter timeplanen, men byggherren har ikkje stressa det og dessuten har det vore problematisk å skaffa arbeidsfolk.

Av Ola Matti Mathisen